

- KUNNGJERING -

Fleire søkjarar – Søknader om løyve til å byggje tolv småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane.

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje tolv småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla.

Småkraftverka vil samla gje ein årleg produksjon på om lag 125 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 6250 husstandar.

Søknad	Søkjar	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh)
Traudalen småkraftverk	Traudalen Kraftverk AS	1,00	7,00
Haugaelva kraftverk	NGK utbygging AS	2,17	7,60
Kaldeelva kraftverk	Småkraft AS	4,95	15,30
Langedalselva kraftverk	Moane Kraft SUS	0,99	6,81
Øyrane kraftverk	Røyrvik Kraft SUS	2,75	11,60
Røyrvik kraftverk	Røyrvik Kraft SUS	1,40	5,18
Ommedal kraftverk	SFE Produksjon AS	6,50	18,90
Skorgeelva kraftverk	Skorgeelva Kraft AS	3,00	7,05
Sessaelva kraftverk	Torill Solheim Holme	2,45	6,63
Rauset kraftverk	Rauset Kraft AS	3,45	10,35
Kvitfella 2 kraftverk	Kvitfella Kraft AS	1,25	2,61
Solheim kraftverk	Solheim kraftverk AS (SUS)	1,20	3,74
Trysilfossen, Eidsfossen og Ebebøfossen	SFE Produksjon AS	4,20	21,80

I samband med søknadane vil NVE arrangere to offentlege folkemøter, eit for Hyen og eit for Sørstranda/Sandane. Folkemøtet i Hyen gjeld for søknadane om Solheim, Haugaelva, Øyrane, Røyrvik, Kaldeelva, Ommedal og Sessaelva kraftverk og vert arrangert **tysdag 2. februar 2016 kl. 18.00 på Hyen samfunnshus**. Folkemøtet på Sørstranda/Sandane gjeld for søknadane om Skorgeelva, Rauset, Kvitfella II, Traudalen, Langedalselva, Trysilfossen, Eidsfossen, Ebebøfossen kraftverk og vert arrangert **onsdag 3. februar 2016 kl. 18.00 på Runnevang på Sørstranda/Sandane**. Her vil søkjarane informere om prosjekta og NVE vil orientere om behandlinga av søknadane. Det vil vere anledning til å stille spørsmål.

Søknadane med vedlegg er lagt ut til offentlig ettersyn på heradshuset i Sandane og Joker Hyen, og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen 18.3.2016. Viss de ønskjer papirutgåve av søknadane kan de ta kontakt med tiltakshavar for kvart enkelt prosjekt.

Fråsegner kan sendas oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan 18.3.2016.